



Utleige av kaiplass har vore ei inntektskjelde for Eidsvik i det siste. Gigantlekteren til Eide har vore dominerande dei siste vekene.

**Rådmannen stillar seg negativt til ein søknad frå Eidsvik Eigedom om å få redusert grunnlaget for berekning av eigedomsskatt som har vore utleigt til Eidsvik Skipsbyggeri. Søknaden gjeld ettergjeving av heile eigedomsskatten for 2014 og at berekningsgrunnlaget vert sett ned til 3 millionar kroner. Saka skal leggjast fram for formannskapet 4. desember.**

Skipsverftet gjekk konkurs 28. august 2013 og etter denne dato har det ikkje vore nokon form for produksjonsaktivitet på anlegget. I perioder har dei leigt ut mindre areal av kai og 2 små rubbhallar. Kaikran, kranar, truckar og all form for produksjonsutstyr og produksjonshallane har ikkje vore i bruk sidan konkursen.

Svein Arne Eidsvik viser til at formannskapet kan ettergje eller setja ned skatten dersom særlege grunnar gjer det urimeleg om heile skatten vert innkrevd. Eidsvik meiner det er urimeleg at Eidsvik Eigedom skal betala eigedomsskatt på 7 promille ut frå eit grunnlag på 10 495 000 kroner og søkjer om å få ettergjeve heile skatten for 2014 og at berekningsgrunnlaget vert sett til 3 millionar.

- Vi håpar at de vil etterkoma vår søknad om ettergjeving og nytt berekningsgrunnlag som kan nyttast fram til stoda skulle endra seg for anlegget, skriv Eidsvik til formannskapet,

Rådmannen opplyser at anlegget vart taksert pånytt i 2010 og taksten sett til 10 728 000 kroner, men nedsett til 10 495 000 kroner sist sumar etter møte med eigaren. Grunnen var endring av takst på nokre bygg frå driftsbygningar til uisolert lagerlokale.

Rådmannen peikar i saksutgreiinga på at eigedomsskatten er ein objektskatt der taksten er rekna ut frå verdet av eigedomen med påståande bygningar. Det er kostnaden ved å byggja opp att anlegget som vert lagt til grunn. Verdet skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen kan bli avhenda for ved fritt sal.

I særlege høve kan ein riktignok leggja avkastningsverdien til grunn, men den vert svært sjelden nytta i taksering.

Kommunen har motteke andre søknadar av liknande karakter dei siste åra, Manglande inntening eller avkastning på eigdommen er ikkje grunn for å endra taksten, skriv rådmannen. Han held fram at likehandsamingsprinsippet tilseiar at søknaden frå Eidsvik ikkje vert stetta. Rådmannen peikar og på at økonomikontoret har gjeve utsetting med innbetaling av skatten.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen